

## Den store skiutfartshelga.

20.01.2018



Familiane Koløy og Skår stirkoste seg i snøen i dag. Hunden Birk er med.

Med gode vermeldingar og høveleg med snø teiknar dette til bli den store utfartshelga for ski og vinteraktivitetar. Ein tur på dalen i dag og skitur opp skogsvegen på Haugland syner stor utfart med mange glade turgåarar. Med mellom 10 og 20 cm snø ligg alt vel til rettes for snø- og vinterleik for alle aldersgrupper.



Friheim og Fjellandsbø er det mest populære utfartsområde i Uskedalen. ( Arkivfoto )

Dei fleste tek turen til Friheim og Fjellandsbø. Mellom kl 11 og kl. 14 er sola framme og den naturelege ramma er perfekt for utfart og fysisk aktivitet. For dei som vel Fjellandsbø, er det fint turterreng langs vatnet, framom tunet og vidare på skogsveg inn Åsaredalen. Om ein heller vil campa ved vatnet, er plassen ved gapahuken. Her kan ein grilla og søkja ly om det skulle bli sjenerande vind.

Snuplassen ved avkøyrsla på skogsvegen på Haugland var fullpakka med bil i dag. Det kan fungera fint om det ikkje er tømmer- og skogsarbeid oppe i lia. Plassen er laga for transport med svingradius for traktorar og større bilar. Mange tok skia på ved fylkesvegen og gjekk til topps med feller. Turen ned lia er berre ein leik for dei som er røynde skigåarar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Utfartshelgar som denne syner at det er trong for meir tilrettelagd parkeringsareale i Uskedalen.